

Gunnar Skirbekk, professor em. i vitenskapsfilosofi, Universitetet i Bergen.

Merknader til høyringsnotatet, om digitale retteprogram og deira potensielle påverknad på 'korpus', som basis for normering ut frå 'bruksprinsippet'.

Høyringsnotatet omtalar normering av skriftspråka bokmål og nynorsk, mellom anna ut frå 'bruksprinsippet' (# 6,2,3,,), med basis i eit 'korpus' av publiserte tekstar, i ulike fora og media, på bakgrunn av ei 'viss redigering'.

Men høyringsnotatet drøftar ikkje korvidt bruken av retteprogram hos viktige tekstproduserande instansar, slik som forlag og aviser, men også offentlege instansar, kan påverke språkbruken i det 'korpus' som skal brukast som basis for normering.

Eksempel: retteprogramma i dominerande aviser (slik som Aftenposten og VG) eksponerer lesarane, over tid, for dei språkformene som inngår i dei versjonane av digitale retteprogram som redaksjonane har valt å bruke (t.d. syv, frem, boken; ikkje sju, fram, boka). Dette gjeld alt redaksjonelt stoff, alt journalistane skriv, herunder tekst frå pressebyrå. Men dette har også vore praktisert på lesarinnlegg, og på intervju der den som blir intervju uttrykkeleg ber om andre språkformer for eigne replikkar (kjelde: bokmålskrivande professor ved Universitetet i Oslo).

Lesarane blir då eksponerte for skriftspråket slik det framstår etter å ha gått gjennom dei aktuelle retteprogramma. Det vil i så måte **påverke 'korpus'**.

Det er i den samanheng dessutan eit relevant spørsmål om slik eksponering, over tid – anten det er ut frå digitale retteprogram eller ut frå manuell språkvask – vil kunne påverke språkkjensla hos lesarane, eventuelt slik at dei etter kvart vil kunne endre språkbruken når dei sjølve skal skrive (evt. slik at dei oftare vil bruke syv og frem, og meir sjeldan sju og fram). I så fall vil også dette **påverke 'korpus'**, som skal brukast som basis for normering.

Om dette er tilfellet, er eit empirisk spørsmål. I så fall er det ei psykologisk og samfunnsvitenskapleg oppgåve å finne ei rimeleg forklaring på kvifor (og korleis) slikt skjer. (T.d. ved eksperiment, eller komparativt.)

Dette vitenskapsteoretiske poenget synleggjer eit potensielt språkpolitisk standpunkt hos personar med eit enkelt syn på den lange fornorskingsprosessen av det danske skriftspråket, utan syn for at språk «varierer med mange sosiale og kontekstuelle faktorer» (høyringsnotatet side 41), men som meiner at bokmål og nynorsk primært utviklar seg ut frå språkinterne prinsipp, og som no tykkjer at «nok er nok» - hit, men ikkje lengre; slik, men ikkje meir! – og som i så måte meiner at fornorskingsprosessen no er (eller bør vere) avslutta, eller eventuelt bør reverserast, i retning av meir dansknære former.

Konklusjon: ved normering ut frå 'bruksprinsippet' må ein ta omsyn til den potensielle påverknaden som ulike versjonar av digitale retteprogram kan ha på 'korpus' som basis for normering.

Språkrådet bør derfor initiere ei gransking av korleis retteprogramma blir brukte, både i private og offentlege instansar, til styring av språkbruk som ligg innanfor offisiell og gjeldande rettskriving – også i det offentlege: sentral forvaltning, utdanning, kommune- og fylkesnivå, statlege verksemder og selskap.